


Fataburen 1976



Fataburen

Nordiska museets och Skansens
årsbok 1976

Fataburen



1976

Nordiska museets och Skansens årsbok

Redaktör: Magne Velure i samarbete med Bengt af Klintberg
och Reimund Kvideland

Pärmens färgbild: Mörksuggor utanför ett fönster, akvarell
av Verner Molin. Tapeten är från Nordiska museets samlingar.

Tryckt hos Berlingska Boktryckeriet, Lund 1976
ISBN 91 7108 122 4

Barnetru

Ein faktor i den kulturelle innlæringsprosessen

Reimund Kvideland

Innleiing

„Barnatro, barnatro, till himmelen du är en gyllne bro.” For dei aller fleste vil den første spontane assosiasjon gå til den kristne barnetru, den ureflekterte barnslege tru. Denne allmenne tendensen avspeglar seg også i vitskapen. Det er i sterke grad teologar enn folkloristar som har arbeidd med borns trusførestellingar (1).

Det kan vera fleire grunnar til at folkloristisk forskning har neglisjert dette emnet. Barne-kulturen har vore eit forsømt kapittel heilt fram til dei siste åra. Det kan kanskje innvendast at det ikkje er nokon særleg grunn til å isolera barns førestellingar frå den allmenne folketrua og at problemstillinga derfor er irrelevant. Når emnet har vore handsama i faglitteraturen, er det i større samanhengar. Det kan vera rett å seia at innlæringa i folketru er ein del av ein sosialiseringssprosess som gradvis skal føra barnet inn i det vaksne samfunnet.

Likevel finst det ei rekkje trusførestellingar som er særmerkte for barneåra. Dei høyrer heime i visse periodar av sosialiseringssprosessen og blir derfor uaktuelle og utan funksjon i seinare periodar.

Dette punktet har folkloristisk forskning til ein viss grad oversett, dei aktuelle førestellingane er blitt tolka ut frå den vaksnes synstad.

I eldre forskning, spesielt i den mannhardtske skulen, vart alle tradisjonelle skapningar tolka ut frå naturmytiske aspekt. Etter kvart voks det fram meir nyanserte syn. Særleg von Sydow retta skarp kritikk mot det mannhardtske synet. Den fremste motstandaren hans her i Norden var Martin P:son Nilsson og debatten var nok hardare enn naudsynleg. Seinare

har Albert Eskeröd, Lauri Honko og andre ført von Sydows tankar vidare i meir nyanserte analysar (1a).

Eit av von Sydows viktigaste synspunkt er at vi må skilja mellom trusførestellingar og skjemt. Ei rekkje utsegner er skjemt og ikkje tru, ei rekkje supranormale skapningar er ikkje folketru-vette men fiktive skapningar. Dei var meint som skjemt, som pedagogiske middel i barneoppsedinga etc. von Sydows distinksjonar er eit klart framsteg endå om både klassifiseringa og definisjonane hans kan diskuteras. I denne samanhengen vil eg fremst peika på at han understreka den fiktive karakteren for sterkt og avskreiv sambandet med folketru.

Hans syn er rett berre så lenge ein ser førestellingane utelukka frå dei vaksne sin synsstad og som kulturprodukt som berre høyrer heime i den vaksne kulturen. For barn er førestellingane røynelege nok, det har vi bevis for både i direkte og indirekte utsegner. Eskeröd peikar på at fiksjonane er „avsedda att bli trodda åtminstone till en tid och av en viss grupp, vanligen barnen” (2). Men denne observasjonen har liten konsekvens for analysen i „Årets äring” p.g.a. materialets karakter.

Dette tradisjonskomplekset får først den rette dimensjon når vi også ser det ut frå barnets synspunkt. Først når vi får klarlagt den rolle desse tradisjonane spelar som *barnetru* kan vi forstå deira verdi som oppdragande element. Då vil vi også oppdaga at det finst forteljingar om korleis barn opplever og ser dei såkalla fiktive skapningane. Det faktum at „fiktive” vette kan ha memorat knytt til seg, betyr at eitt av dei avgjerande genreanalytiske karakteristika for fiksjonar må revurderast.

Mellom andre område av barnetradisjonen er grenselinene ennå ikkje gått opp, f.eks. mellom folketru og lek.

Emnet kan ikkje få ei full handsaming her, det er ei skisse. Dette kjem delvis av at materialet er ufullstendig. Så vidt eg veit er det ikkje blitt gjort systematiske innsamlingar av barns trusførestellingar i dei skandinaviske landa. Ein del nyare innsamlingar er blitt gjennomførte, men dei dekkjer berre spesielle delar av dette tradisjonskomplekset. Stoffet er heller ikkje systematisk katalogisert under denne spesielle synsvinkelen. I denne korte framstillinga kan det ikkje bli plass for detaljerte geografiske og sosiale analysar. Hovudvekt er lagt på svensk og norsk tradisjon som har vore lettast tilgjengeleg utan at framstillinga skal tolkast som eit forsøk på å visa eit einsarta tradisjonsområde.

Eg skal gjera eit forsøk på ei systematisk framstilling av barnetrua med hovudvekt på sosialiseringprosessen eller enkulturasjonsprosessen. Sosialiseringprosessen er ei kulturell innlæring som gir eit individ innsikt i korleis eit samfunn eller ei sosial gruppe er bygd opp og fungerer, og korleis det sjølv skal fungera innanfor systemet. Det er altså ein prosess som femner om meir enn oppseding. Barnet skal læra å meistra den fysiske omverda og det skal læra dei reglar og normer som utgjer det kulturelle mønsteret. Dette har vore eit sentralt forskingstema i dei seinare år, men etnologiske og folkløriske aspekt har vore lite utnytta(3).

Skremmetradisjon

Ved sida av straff og åtvaringar har skremme av ulike former blitt brukt i oppsedinga. Dei skulle halda borna borte frå farlege stader og aktivitetar, innprenta normer og sedvaner, respekt for foreldre og andre vaksne.

Innan barnetradisjonen utgjer dette eit stort tradisjonskompleks(4). Det er tale om supranormale skapningar som også dei vaksne trudde på og andre som dei rekna for fiktive. Men også menneske vart nytta

som skremmefigurar. Ofte har dei då fått eit visst supranormalt skjær over seg i barnefantasien.

Nemningane på skremmevetta varierer sterkt. Gjennomgangen er derfor gruppert kring dei stader og dei aktivitetar som var farlege og forbodne.

Brunn, elv, vatn. Opne brunnar, elvar og vatn var og er ein konstant fare for små born. Her har dei vaksne brukt både vanlege supranormale vette frå vatn og spesielle skremmevette for å halda borna unna faren.

Erfaringa lærer at det er meir effektivt å skemma med brunngubben, brunnkjerringa eller liknande enn berre å åtvara mot brunnen. Den skandinaviske tradisjonen er heller einsarta. Mest representativt er det svenske materialet. Den vanlegaste utsegna er at dei skremde borna med brunngubben og at han tok dei ungane som kom for nær brunnen. „Hos mina morföräldrar, där jag tillbringade mina första levnadsår, hämtades vattnet ur en öppen brunn med en slags båtshake. Vi var strängeligen förbjudna att gå nära den och fick absolut inte titta ner i den. I så fall skulle 'brunnkjessan' dra oss ner i brunnen och dränka oss"(5). Brunngubben kunne koma opp or brunnen og ta born som kom for nær. „Går du till brunnen så kommer brunngubben och tager dig han har långa fingrar och släpper dig icke"(6). Frå Lappland heiter det: „I brunnar och vattenpölar bodde en 'kuse' som tog barnen, dödade dom och åt upp dom"(7).

„Aldrig att någon äldre trodde att det fanns någon sådan"(8) som brunngubben. Men det hende at ungane såg han.

„Går du till brunnen och tittar i brunnshållet så kommer brunnskalen å drar ner dig i brunnen. Då blev barnen rädda och tyckte alltid att de sett en gubbe i brunnen om de tittat ner någon gång"(9). – „Det berättas att en gång, när en moder skulle visa sin pojke brunnskäringen, så märkte även han sin spegelbild och anmärkte: har hon en unge också"(10).

Peter Michelsen har gjennomgått den

danske tradisjonen som stort sett tilsvarende den svenske. Brunnmannen tar borna dersom dei kjem for nær brunnen; ein sjeldan gong heiter det også her at han spring opp, druknar og et born(11). Dei norske opplysningane er sparsame, men det går likevel fram at brunnubben har vore kjend her også(12). „Brunnkjerringa tek deg”, sa dei på Jæren(13). „Huff, dokk må itt bortåt brunn, før vassdrøven æ ni dær”(14).

Skremmet i brunnen har fått fleire namn, men dei ulike nemningane har ikkje særleg innverknad på innhaldet i tradisjonen.

Frå elv, vatn og sjø vart borna skremde med fleire ulike vesen, dei fleste med tilknytning til vanlege supranormale vette. Frå Västergötland: „Barn skrämdes här på bygden med Näcken, som här kallades 'Ågubben' eller 'Bäckagubben'”(15).

Forutan ågubben(16), bäckagubben og näcken(17) er det tale om åbusen(18), bäckahästen(19), forskarlen(20), sjöjungfrun(21), sjörån(22), strömgubben(23) og strömkarlen(24).

I Norge finn vi ein motsvarande tradisjon. Spesifikk barneskremme synest vassdrøven å vera. „I Støren og Soknedal har det vori mykje tala om eit styggeting som heldt til i elv og bekk og brønnar. Ja, sjølv i den store trestampen som stod attmed vassposten på gardane var styggedomen å finna. Det er ingen som har sagt noko om korleis skapnaden såg ut. I dagleg tale har han vori kalla 'vassdrøven' (med grov ø). Det var serleg til skremsle for ungane at denne vassdrøven vart nytta. ---

– Dokk må itt sett ivei nedåt elven, før vassdrøven drei dokk ni elven.

– Pass dokk for kvennbekka, vassdrøven ligg ni høla utfør kvennhusvegga”(25).

„Det var skikk å skræma borni med bek-kjakusa”, heiter det frå Verdal(26). I Nordfjord tala dei om elvanykkjen, elvatrøllet, elvakjerringa og elvammen(27). I Hardanger skremde dei med elvafanten og draugen(28). Også vaksne kunne vera redde desse. Lokalt avgrensa barneskremme er Elve-Per og Bryn-Per, Elva-Sjur, elvabøkken (alle Møre og Romsdal

(29). Vannliljene er lokkande vakre og vanskelege å få tak i. På Lista skremde dei derfor ungane med at det kom eit slags troll og drog dei ned i vatnet(30).

Vanlegast vatn-skremme er nøkken. Han er nemnd som barneskremme alt i Knut Leems ordsamling frå 1740-åra. „Nykken): Et spøgelse, som for at holde smaae Børn fra Vandet indbildes dem at have sit tilhold, og at drage dem ned i Vandet, naar de kommer Vandet nær”(31).

Magne Velure har analysert tradisjonen om nøkk og fossegrim. Han noterer 76 ditar om nøkk som barneskremme. „Ditane om nøkken som barneskremsle har eit heilt anna preg enn ditane om den farlege nøkken. Så å seia i heile materialet kjem det fram at dei vaksne, som har nytta dette andsynes borna, ikkje har trudd på dette vesenet dei bruka som skremsle”(32). Han viser at i heile det europeiske området der nøkken er kjend, opptre han både som empirisk vesen og barneskremme, avhengig av aktualiseringssituasjonen. Heile det materialet Velure har analysert er karakterisert ved at det er fortalt av vaksne informantar. Tradisjonen om nøkken er eit typisk eksempel på korleis empiriske vette blir nytta og oppfatta som skremmevette.

Skog og mark. Nokre få spesifikke skremmevette er også nytta for at borna ikkje skal gå for langt ut i skog og mark.

Frå finlandssvensk område heiter det: „Om barnen vilja springa ensamma i skogen, säger man: 'Gå int dit, Gunnarsbulli kommer'”(33).

I Värmland skremde dei med skogsbusen(34), i Övre Dalarna med Ändlösugubben på „avlägsna slåttermynen” og styggfågeln(35). Vanlegast synest han vore å skemma med skogsrået. „Gå inte till skogs, för då kommer Skogsrån eller Skogsfrun och tar dig”(36).

Dei skremde også med „jättar och troll”(37). Vanleg var det å skemma med dyr som rev, ulv, bjørn og ugle.

Frå norsk tradisjon heiter det at dei skremde ungane med tussar og troll(38).

Mørket. Så mangt kan te seg farleg i mørke kvelden og dei vaksne nytta seg av det og skremde ungane med nær sagt alt, men også med spesielle mørke-skremme.

I Dalarna skremde dei med mörksugga som dei tenkte seg halvt menneske, halvt dyr. Men som alltid ved skremma, var dei usikre på korleis ho såg ut(39). Ein liknande skapning var mörketassen(40). I Värmland sa dei at kvällvecken tok ungar som var ute seint om kvelden(41). „Kvällvecken liknade en tomte, skulle jag tro, sade fru Enskog.” – „Han har en stor säck, å i den stoppar han småbarn, som springer ute sent om kvällen”(42).

Frå norsk tradisjon har vi dømte på at tradisjonen om kveldvart kunne personifiserast og nyttast som skremme. „Kveldvarten var heller ikkje å spøkje med, det var best å halde seg inne når det vart seint”(43). „Svartepurko” var truleg også eit mørke-skremme(44). Dei skremde også med lyktemannen og med dyr som skrubben(45).

Inne. Også inne i huset lurte mange farar. „På loftet bor en gubbe, som slänger dej nerför trapperna”(46), eller dei tala om vindsgubben(47) og källarebusen(48). Den siste er også kjend i norsk tradisjon. „Gjekk me aat kjellaren, ropte me te ungane: Akte dikkon før kjellarbusa”(49). På omnen budde omngubben. „Gå inte upp på ugnen, för då kommer Ungskrämen på dig”(50). Frå Stockholm har von Sydow opplysningar om „att man skrämt barn från att klättra upp i fönstren med att fönstergubben då skulle ta dem”(51).

Kalendariske skremmevette. Ein del skremmevette blir aktualiserte på bestemte tider i året. I tida før jul brukte dei i Vest-Norge å skremma ungane med lussi og lussiferda. „Æ de kje snilde, kjemu lussiferæ å teku deko”, sa dei. „Lussikvelden va me bodnæ so fælne”(52). Brynjulf Alver som har studert denne tradisjonen inngående, meiner at vaksne var redde for juleieia på julekvelden, elles bruka dei henne som barneskremme(53).

I Valdres skremde dei ungane med Skarkun. „Ho åtte geiteskapnad og sat inne i beitakosten, serleg i tidi før jul, og då kunne ungane passe seg”(54). På Jæren vart Tollak Spole nytta som barneskremme.

Tollak Spole
nott og dag te jole
får eg 'kje øl
så tege eg bodno dine(55).

Han kunne også få selskap av Ivar Jole. „Når mor dreiv og baka og vaska og stelte, gjorde i stand til helga, og vi ungane slost og bråka verre enn verst inne i stova, då kom ho inn frå kjøkkenet og sa vi knapt kunne venta at Ivar Jole og Tollak Spole ville gå dør forbi. Fekk dei karane kloa i ein, dragsa dei ein med seg til ei berghole endelaust langt av stad. Der laut ein eta hestelort heile jula til endes”(56).

Før og i jula skremde dei med julebukken og julegeita, dei „sat på beten og skulle høyre etter um ungane var snille”(57). Fekk ikkje ungane noko nytt kledeplagg til jul, kom julegeita og skeit på dei, eller dei vart straffa på andre vis(58). Julegeita kunne få meir supranormal karakter: „Ein annan gong kom julegeita inn i eit hus der det hong ei stor kjøttgryta i skjæringen. Men ikkje så at ho bia med heitt kolna: ho kjørte i seg heile stasen, endå det var gloe heitt. Så for ho på dør”(59).

Også julenissen er blitt skremmevesen, mang ein liten har vore vettskremt av julenissen.

I svensk tradisjon opptre Glyx som skremmevesen. „Då man satt vid kvällsbrasan under den farliga tiden mellan jul och trettondag och barnen ville ut i snön, pekade man ut genom de små, dimmiga fönsterrutorna, visade på återskenet från elden där ute i mörkret och sade: 'Nu är det Glyxkvällarna, och titta, där ute står Glyx och vill ta er, om ni springer ut!'”(60).

I somme norske bygder skremde dei på etterjulsvinteren med Gjøl(61).

Frå Småland har vi tradisjonen om vargisten(62). På sommaren skulle borna hal-

da seg unna kornåkrane og ikkje trakka dei ned. Då blei dei skremde med ein gubbe eller kjerring som budde i åkeren(63).

Uspesifiserte skremme. Dei kanskje mest brukte barneskremme er meir uspesifiserte og blir nytta ved alle høve i det daglege livet når borna ikkje er lydige eller er bråkete.

I Sverige er det tale om bjuven eller vanlegast busen(64). Stundom skremde dei med at han sat i peisen eller i skorsteinen(65). „Når som helst kunde mor slappa in Busen, som alltid var redo att ta det olydiga barnet”(66), heiter det frå Övre Dalarna.

I norsk tradisjon finst tilsvarande busen, bøen o.l. „'Er du kje snill, så kjem businn og tek de!' Kva dei meinte med dette, visste dei vel ikkje sjølv, tenkjer eg. Det står for meg som det var noko slikt som eit troll eller noko anna ufårleg for dei vaksne. Den vonde var det ikkje”(67).

„Vil'kji ongane vera snille, så skremde dom dom å si: 'Vil di kji vera snill, ska buven komå ta deg!' Så finn dom på å bankar i veggjene, å når ongæne spør, hot dæ æ, si dom: 'Å d'æ Buven' osfr. Men d'æ bare ongæne som æ rædd' fer Buven, aller vaksne folk, dom trur alle på B. dom”(68).

Meir sporadiske som barneskremme er mara, bytegast, spøkelse, gammellappen, buan, billiken, djevelen, Gud, Jesus, Jerusalem skomaker etc.

Det er karakteristisk for dei fleste barneskremme at ingen retteleg veit korleis dei ser ut. Eg diskuterte det før jul 1975 med Kristian på 10 år. Han trudde ikkje på Bømannen, men han kjende vel til han og ein av nabogutane skremde sine to mindre søsken med Bømannen. „Det er rart”, meinte han, „eg har aldri fått klart for meg kordan Bømannen ser ut. Somme tider tenker eg meg han som ein svart mann, noen ganger gul eller blå. Har han briller? Eg veit faktisk ikkje kordan han ser ut.”

For å gjera skemma så effektive som råd, hende at vaksne kledde seg ut og agerte skremmevette. Frå Halland i Sverige er

nemnd eit skremmevette som dei kalla Smale-Hans. „De äldre söskena klädde ut sej och hade en kjol över huat och va så smala på mitten. Anna hemma hade klätt ut sej så en gång för jag hade gjort nåt ont, men då va det en som kröp opp i pappas knä. En stund efteråt kom hon in och sa, att hon hade vart te darras”(69).

„'Uva' (namnet troligen en förvrängning av uven) var en grannkvinna, som blivit ombedd att hjälpa till. Hon iförde sig en fäll med håren utåtvända. Hon kom då in, gående på 'alla fyra'. I den ena handen hade hon ett vedträ, som hon 'bunkade' med i golvet. Skulle föreställa, att 'uvan' var halt. Barnen blevo i allmänhet förskräckta och ilade i säng eller bakom mors kjolar. Exempel finnas emellertid på, att 'morska' pojkar icke läto skrämma sig. Sålunda omtalas, att en gosse i Västansjö oförskräckt hoppade upp på 'uvans' rygg”(70).

„Agån rinner här igenom Jäts by alla var rädda om sina barn där men så var här en gammal Gumma som hette fläskamärtan hon klädde ut sig till ett spöke och skrämde alla barn från ån di var förskrämda för fläskamärtan”(71).

Vaksne kunne kle seg ut som julebukk for å visa ungane at han verkeleg eksisterte. „Han tok på ein saueskinnsfell og laga seg til med nebb og rumpa. Han kom først til syne på eit nes, som stakk ut i eit vatn attmed garden, den lange rumpa flagra i vinden, og han less gå der og pikka med nebbet. Borna ottast det vilde verta noko fælt. Bukken kom så heim til gards, for bort til rissskjulet som var tillaga til honom, og for inn der. Borna såg ikkje noko meir til honom, dei trudde han vart verande der”(72).

Meir indirekte heiter det frå Hordaland: „Bøen hed en udklædt mand, hvorved man skræmte børn”(73). Av ein annan karakter er dei direkte memorata. Dei finst det ikkje mange av, somme gonger blir det sagt at dei ikkje finst. Dette har samanheng med innsamlingssituasjonen og vitenskapssyn. Dersom born vart nytta som informantar, ville vi truleg få inn også memorat. Her skal gjevast eit eksempel:



1. Mange born har fått høyra at om dei ikkje var snille, så skulle feiaren koma og ta dei. Foto Nordiska museet.

Foreldra mine sa alltid at vi ikkje måtte ha på oss dei nye julekleda før julekvelden kom, for da kom julegeita og skeit på oss og øydela dei nye kleda. Vi hadde all respekt for julegeita, og dei nye kleda fekk alltid liggja i fred sjølve julekvelden.

Men eit år var det ein slags føre-juls-juletreffest for oss born, og venninna mi og eg skulle dit. Som venteleg var, masa vi svært heime om å få lov til å bruka dei nye kleda. --- Maset vårt førde fram. --- Men på heimvegen byrja vi å tenkja på kva fylgjer dette kunne få, og vi var ikkje så motige da vi gjekk oppover den kolmørke, lange bakken opp til tunet der vi bae budde. Julegeita vart ikkje nemnd mellom oss, men vi visste likevel at vi bae tenkte på det same. Vi auka farten, og da vi kom til eldhuset, som låg eit stykke vekk frå dei andre husa på garden, var vi temmeleg oppøste av redsle. Ved dette eldhuset som ikkje var i bruk lenger, høyrde vi plutselig noko som vi meinte var ei slags breking, ja til og med to lysande augo såg vi. Slik som vi da la på sprang mot husa heime vil ingen kunne fatta som ikkje var med. ---

Det høyrer med til hendinga at vi neste dag såg saue- eller geitelort omlag frå den staden vi såg og høyrde julegeita og opp mot fjøset heime. Den styrka oss fullstendig i trua på at julegeita hadde vore etter oss, og i dei fylgjande åra stod vi gladeleg i mot freistinga til å jåla oss til slik vi hadde gjort denne eine gongen.

Fyrst seinare har eg skjøna korleis sauelorten hadde kome dit. Det var mor mi som hadde lånt væren på nabogarden for å få tidd sauene i fjøset heime. Men denne forklåringa var det ingen som gav oss den gongen(74).

Den følgjande oppskrifta frå Østerdalen er meir problematisk genreanalytisk. Det kan vera eit forvanska barnememorat: „Dei for med so mykje rart fyrr i tida. Paa ein gard i Sørskogbygda var det nokre born som lala paa busen. Det var i slaatonna, dei vaksne dreiv ute med høyet, so det var berre nokre born att inne i stua. Der dreiv dei og leikte seg. No var ein taa deim, ein som heitte Knut, full litt trollut, og daa skulde dei andre skræma han med busen. So sette dei i og skreik: 'Lala buse, kom og ta'n Knut!' Ikkje fyrr dei hadde sagt det, fyrr det kom ein diger, svart hund upp tur kassa i ein høvelbenk, som stod der, og gjekk burt aat'n Knut. Han Knut sprang upp i muren, og dei andre ungane stod stive, so redde var

dei. Hunden ansa ikkje dei andre, berre gjekk etter'n Knut upp i muren og snuste paa han, men beit ikkje. So vart han burt. Men etter dette fekk guten fall-sot, og kom seg alder hell han”(75).

Gjennomgangen har vist at ein stor del av desse skremma blir brukte den dag i dag. Eit par eksempel vil gjera dette klarare. 1971 oppgav elevane i ein 3/5 klasse i Ytre Hordaland at dei vart skremde med flg: heks, julenissen, julereglo, lysreglo, mørkehiten, nøkken, resen, sjøuhyre, troll og tussen. Ein klasse i ungdomsskulen oppgav i 1972 at dei hadde blitt skremde med bømannen, nissen, nøkken, spøkelse og troll. Men særleg i den siste klassen er det mange som seier at dei ikkje minnest at dei vart skremde med noko i det heile(75a). Det same seier elevane i gymnaset i Sarpsborg. Foreldra brukte ikkje skremmevette. I ein del tilfelle nemner dei likevel nøkken, sjeldnare heks, troll (bak omnen og under senga) etc.(76).

Menneske som skremmevesen. Ikkje alle barneskremme høyrer den supranormale verda til. Personar frå forskjellige yrke, embetsmenn, farande folk vart nytta som skremme.

Det er ikkje så underleg at den svartsotete feiaren kunne nyttast som skremme. „Sotaren tar dej i säcken å slänger dej långt ut i bäcken”(77). „För olydnad, kunde man även skrämman dem för sotarn, att han skulle komma och sota ned dem, eller dra dem upp och ned genom skorstenen”(78). Nordiska museets folkminnessamling inneheld eit tjuetals eksempel stort sett frå Sør-Sverige. Men det finst også 7-8 negative eksempel, med grunngjevingar at feiaren ikkje fanst i bygda eller at han var ein ærleg yrkesmann. Det same finn vi i norsk tradisjon(79).

Tilsvarande er rakkar(80), lensmann og politi(81) brukt som skremme, likeeins presten. „Var vi int' snäll, så kom prästen å skar tå oss näsa”, heiter det eksempelvis frå Medelpad(82).

Frå Norge kan vi ta eit tilsvarande eksempel frå Hordaland: „Barn blev skremt

med at præsten kom og tok dem. Bandte de kom presten og skar tungen av dem”(83).

Omvandrande folk av ymse kategoriar vart også nytta som skremme, luffarar eller gesellar(84). Ein viss reell redsle frå dei vaksne låg det i skremminga med fantar og taterar(85). Frå Sverige finst eksempel på at dei skremde med „att ryssen tar dig om du ej är snäll”(86).

Originale personar i grannelaget tente også som skremmefigurar. „Skall jag säga till Kus-Anders, att han stoppar dig i säcken nästa gång han kommer hit?”(87).

Hausten 1974 var born i søre del av Bergen oppskaka av ein svart maskemann som kjørte rundt og kidnappa små barn. Aviser avsanna historia og samanlikna den med varulvhistorier frå Sverige(88). Meir reelt grunnlag har barns redsle for „lokke-menn”. Ei innsamling i Bergen 1974/75 viste at borna var svært opptatt av „lokke-menn”, men dei hadde ikkje alltid klare førestellingar om dei. Bakgrunnen er foreldra si redsle for seksualforbrytarar(89). Dette er også grunnlaget for at den danske visa om mordet på den sjuårige Gurli har vore så populær(90).

Forbud og straff. Til sine tider var borna skremde med ei eller anna straff dersom dei var ulydige. Desse sanksjonane får ofte fast form.

Om du ikkje snyter deg eller om du pillar deg i nasen, kjem kråka og hakkar av deg nasen, er ei vanleg utsegn i Sverige(91). Heller ikkje skulle ein geipe. „Min mormor sa stadig til oss at vi måtte passe oss, for hvis vi geipet når vinden skiftet, så blev vi slik i ansiktet. Jeg visste ingen ting om hvordan og når vinden snudde, men jeg trodde på det til jeg var ti år. Jeg tenkte heller ikke på at det kunne gjøres om igjen når vinden snudde på nytt”(92). I Storakers samlingar finst det fleire eksempel, også dette: „Barnet advares for at se med begge Øine paa Næsen paa engang; thi dersom Vinden vender idetsamme, vil Ansigtet blive saaledes (Mandal)”(93).

Frå Småland, Sverige, heiter det: „Om barnet gjorde grimaser eller härmade efter

någon som hade något fel t.ex. talfel eller haltade så kunde förelldrarna säga, så får du inte göra, då kan du bli sådan själv till straff”(94).

Banning var ofte forbunde med straff. Presten kom då og skar av tunga eller nasen, jfr ovanfor. Heller ikkje skulle ein lyga. I Bergensområdet er det vanleg å seia at du skal ikkje lyga for då drep du ein engel. Men det kan gå sport i alt, og ein pedagogisk regel kan bli snudd til sin eigen motsetning, det viser følgjande eksempel. Elin på tre-fire år kom glad og fornøgd inn ein dag og fortalte stolt: I dag har eg drepe tre englar. – Korleis det, ville mora vite. Jo, forklarte Elin, veit du ikkje det når du lyger så dreper du ein engel og i dag har eg loge tre gonger!(95).

„'Ljug inte – då ruttar tummen på dej', brukade de äldre tillhålla barnen här (början av 1900-talet)”, heiter det frå Småland(96). Ein ting er å seia at borna ikkje skal gå baklengs for då kan dei falla og slå seg. Meir effektivt er det å knyta det saman med ein sanksjon. I norsk tradisjon fekk den si faste form i utsegna: Ikkje gå baklengs for då drar du foreldra dine til helvete(97). „Sprang barnet baklänges, så drog det mor sin i graven”, heiter det i Edsberg, Sverige(98). Forbudet er også vanleg i Danmark og vidare utover i Europa(99).

I Hardanger heiter det også at dei ikkje måtte dra eit tau etter seg, då drog dei mora til helvete(100). Frå Trøndelag heiter det: „Den, som skriver Bogstaven A paa den Maade, at den første Streg trækkes nedenfra opad, viser sin Moder til Helvede”(101). Det same hende om dei hoppa på marka(102). I Uppland heitte det at „om du går bakfram, bär du hin ondes vattenså”(103).

I eldre tid var hovudlus eit stadig problem. Den gong som nå, kunne det vera vanskeleg å få ungane til å greia håret og vaska seg. Derfor skremde dei ungane med Lusedalen o.l. „Når ungane ikkje vilde vaske og kjembe seg, sa dei gamle til dei: Æ du kji snill no, kjem Lusedal'n o te de. Når han tek te styve, fer'n mæ både krøppe o klæo, o ingen veit ko dæ bli ta dei!”(104).

I Dalarna i Sverige skremde dei med

löjskalln, luskarlen(105). Elles skremde dei med at „om barnen hade ohyra i huvudet (löss) och inte ville låta kamma sig, brukade man säga att lössen skulle sno rep av håret och dra barnen åt sjön”(106).

Ei vanleg utsegn er at om born leikar med elden eller ser på varmen, så væter dei i senga. „Born måtte ikkje leika seg med varmen, for då kom dei til å pissa i senga”(107). Dette er ei vanleg utsegn over store deler av Norge(108), og den er kjend langt utover i Europa(109). Same skremmet er brukt mot å røykja på halmstrå(110).

Desse utsegnene har sjølv sagt ei ytre tilknytning til førestillingane om elden, men her er det tale om pedagogiske utsegner som *born* skulle tru på og retta seg etter.

Først ein grundig analyse av materialet kan avgjera spørsmålet om truskomponenten. Det same gjeld forbudet mot plystring med grunngeving at det er å lokka på djevelen. „Du locker på den on' hör jag, sade man. Nu kommer nock Hål å tar dej”(111). Den same utsegna finst i norsk tradisjon og vi finn også grunngevinga at når ein plystrar, dansar djevelen eller spyttar ein i nakken(112). Denne type utsegner er av pedagogisk karakter og kan ikkje utan vidare først saman med trusførestellingar om plystring. Dei høyrer snarare saman med utsegner av typen: „Børn bør ikke blæse i Nøglepiber --- gjør man det, danser Fanden bag ham”(113).

„Når ein bles i løvetannstilk, blir det regn” – ei svært vanleg utsegn. Pipelyd kan frambringast med hjelp av grasstrå og plantestilk. Vaksne likar ikkje desse skjærande lydane når dei blir for langvarige og stoppar det heile med tradisjonelle grunngevingar(114). I same retning peikar utsegner i finlands-svensk tradisjon. Der heiter det at når ungane plystra inne, vart dei sende ut: „Gå ut till stallet och blistra”(115). Så var dei utanfor høyrevidde. Utsegnene må derfor karakteriserast som pedagogisk hjelpemiddel som dei vaksne har nytta. Dei var effektive i den grad ungane retta seg etter dei, det vil i stor utstrekning seia i den grad dei trudde på ut-

segnene. Trua kan ha blitt oppvurdert med respekten for foreldreautoriteten.

Av same karakter er ei rad utsegner som ofte blir rekna for folketru eller restar av folketru. Dei skulle tena ulike føremål som alle har sin plass i sosialiseringssprosessen: „Hvis du slår dine foreldre, får du en sort hånd.” – „Om du slår foreldrene dine, vil det veksa opp ei kvit hand på grava di”(116). „Hvis du er misunnelig, vokser det en gul blomst ut av munnen din”(117). „Om barnet spottade åt något stod den grymme bakom och spottade barnet i nacken”(118). „Når en onge æ vonn te å tygge på håre sitt, seie di: 'Æsj, nå fær du et stygt tråll i maien’”(119). „Hvis barnet bider i 'Bogpinden' eller 'Bogstikken' (Pegepinden) under Læsningen, bliver det ikke flinkt til at læse eller det lærer ikke at læse”(120). „Bit inte pekpinnen, för då tappar du minnet”(121).

ABC-hanen fekk tidleg ein pedagogisk funksjon. I 1637 utkom ei svensk ABC „med ett Ris, som minnet skärper, och en Tupp som Russin värper”(122). Foreldra viste til ABC-hanen. „Tuppen värpte kakor, russin, slantar o.d. till barn som skulle lära läsa, ett bruk visst allmänt i hela Skåne, så länge barnen fingo deras första skolundervisning i hemmen”(123).

„En maa ikke læse med Mad i Munden, thi saa bliver man glemsom”(124). „Det sagdes, dog vel helst til barna, at når man sang ved bordet, mens man spiste, så skulde man få en skurvet kall (kjerring)”(125). „Man skulle ta av sig mössan, innan man började äta: 'Om du inte tar av dig hättan, medan du äter, så far all maten upp i hättan’”(126). „Och att om de åt bränt eller möglat bröd, blev de friska och starka”(127). „Vidare fick man inte klättra upp och titta i ett fågelbo ty då skulle huvudet svälla och bli onaturligt stort”(128).

Det kunne først fram ei lang rekkje med slike eksempel som viser at foreldra innprenta ungane visse førestellingar som har klare funksjonar i sosialiseringssprosessen.

Dei individuelle skrekk-førestellingane høyrer ikkje heime i denne framstillinga,

men supplerer emnet på det individualpsykologiske plan.

Forklaringar som utset sosialiseringsprosessen

Kvar kjem dei små borna frå? Foreldre og vaksne har hatt, og har den dag i dag, ein tendens til å svara unnvikande på dette spørsmålet. Forklaringane som dei kjem med kan vera tradisjonelle eller avgrensa til familien eller vera spontan fantasi(129).

Svensk og dansk tradisjon er etter måten godt kartlagt, den norske berre sporadisk og tilfeldig. Men i alle tre landa finn vi dei same tradisjonane som også kan følgjast langt utover Norden. Ekserptane frå Nordiska museets folkminnessamling gir eit oversyn over frekvensen av dei ulike forklaringane:

Borna kjem frå Gud	21
Borna blir funne i naturen	128
Borna blir funne på garden	13
Jordmora kjem med dei	54
"En gumma" kjem med dei	64
Barnet blir kjøpt	7
Storken eller andre fuglar kjem med borna	99
Andre forklaringar eller negative opplysningar	18

Her er det ikkje tatt omsyn til kombinasjonane som f.eks. at jordmora eller storken finn barnet i ein dam eller på eit berg el.l. I Danmark er storken den vanlegaste forklaringa. Andre vanlege forklaringar er at borna blir funne eller henta på steinar, brunnar, dammar el.l.(130).

Både i Tyskland og Sveits er forklaringane kartlagde. I den vestlege delen av Tyskland vert borna først og fremst funne i eller ved tre, i resten av landet dominerer elvar o.l. som finnestad(131).

Storken som barnebringerar er vanlegast i nord, i Sør-Tyskland er det oftast jordmora som kjem med borna(132). I Sveits er det også stork og jordmor som kjem med borna, finnestaden er kål- og graskarårkrar i vest, brunnar og dammar i nordaust(133).

I store trekk er altså dei tradisjonelle forklaringane einsarta. Eigentleg er det to spørsmål: *Kvar kjem dei frå? Kven kjem med dei?* Svara kan reduserast til tre hovudtypar: 1. Jordmora kjem med dei, 2. Storken kjem med dei, 3. Dei fann borna på bestemte stader, ofte var det jordmora eller storken som fann dei.

Eksempel: I Bergen heiter det at ungane blir fiska med skillingsbollar i Svartediket. – „Jeg selv kommer fra Svartediket, men min søster som er født i Horten, kom fra Borgevannet. Min bror hadde blå merker i hodet etter fødselen og det blev forklart ved at han var så stor at han ikke hadde fått plass i frøken Welhavens jordmorveske”(134). „Min mor fortalte at det var en stork som kom med meg og slapp meg ned gjennom skorsteinen. Jeg trodde på det i mange år”(135).

Frå svensk tradition kan vi ta med tilsvarende eksempel: „Barnen fick det svaret att en ängel hade varit där med dem, eller att en käring kommit med dem”(136). „I mitt hem sades det att vi legat i en påse bakom farstudörren och det trodde vi länge”(137). „Di bruka säga till barna att alla barn kom bortifrån en sten i skogen”(138).

Det går fram av ei rekkje oppskrifter at born *trudde* på desse forklaringane. For dei vaksne har dei vore ein måte å vri seg unna eit tabuert emne. Det kan dei faktisk også ha vore for borna, så sterk har tabueringa verka. Eit eksempel finn vi i Alfred Hauges barndomsminne: „Ja då, vi visste alt som vitast kunne, vi born óg, iallefall visste eg så langt tilbake som eg kan hugsa. Samstundes måtte ein *lata* som ein ikkje visste. Då eg var åtte år kom syster Martha til verda. Le'rinden var nede hos oss ein dag: 'Koss trur du borna kjem, Alfred', sa ho. 'Det er vel jordmora som kjem med dei', sa eg. 'Det er rett det', sa ho. 'Der narra eg deg godt', tenkte eg”(139).

Det er rimeleg å tru at forklaringa med storken er etter måten ny i Norge og i dei delar av Sverige der storken ikkje finst eller er eit særsyn. Hit har forklaringa truleg kome gjennom litterær påverking sydfra.



2. „Min mor fortalte at det var en stork som kom med meg og slapp meg ned gjennom skorsteinen.” Postkort i Billedsamlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen. Som tekst står: „Le Lac Mystérieux (Légende d’Alsace).”

Også gratulasjonskort med storkemotivet kan ha spela ei viss rolle.


Högstedt har analysert eit svensk materiale og funne at dei eldste informantane *ikkje* nemner storken. Ein av 16 informantar fødde før 1870 nemner storken, og det var ei smålands-lærarinne som kan ha lese om storken(140).

Sju av 13 informantar fødde 1870–80 kjende storkeforklaringa, som blir meir dominerande hos yngre informantar. Storkefiksjonen kom etter Högstedts mening til Sverige seint på 1800-talet. På tilsvarande måte er den sveitsiske storketradisjonen blitt tolka. Den blir sett på som ein ung tradisjon som har spreidd seg frå byar og

høgare sosiale lag ved hjelp av litteratur, prospektkort o.l.(141).

Temaet har også stor faghistorisk interesse. Forklaringane er blitt tolka som rester av gamle trusførestellingar i samanheng med jord- og vatnkultus, fruktbarhetskultus, fugleguddomar etc.(142) inntil von Sydow slo fast: „Det varken finns eller har funnits någon moder, som trott att det är storken, som kommit med hennes barn. Det borde väl omedelbart inses att detta blott är fikt utan spår av gammal tro, men lärda män har likväl här sett ett minne av en forntida fruktbarhetsfrämjande fågelgud ---”(143).

Her er det likevel ikkje forskingshistoria



3. Kvart år skriv mange born til julenissen og ønskjer seg julegaver. Alle forsikrar om at dei har vore snille. Foto Thure Olson, Nordiska museet.

og tolkingane som står til diskusjon, heller ikkje den fiktive karakteren i utsegnene, men det faktum at foreldre og vaksne unnvik sanninga med traderte forklaringar og at barna trur på dei inntil dei oppdagar dei rette tilhøva. Grunnen til dette ligg i dei normer og livsoppfatningar som skaper eit tabuområde kring svangerskap og fødsel.

Rumpedrag o.l. Ei anna form for avleiing er det når born vert sende bort under slakting, for at dei ikkje skulle vera vitne til

